

# Informasjonsbrev før søknadsomgang på verdsarvmidlar 2021

## Evaluering av søknadsordninga

Det er halde fellesmøte mellom Statsforvaltarane i Nord- og Sør-området, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal/Vestland og Landbruksdirektoratet der vi har formidla erfaringar frå søknadsomgangen 2020. Kommunane har formidla diverse innspel vi har fått frå søkerane både på munnleg og skriftleg form. Mange av desse gjekk på at kravet til opplysningar er overdimensjonert og ikkje alltid like relevant. Landbruksdirektoratet har lova å gå gjennom dette med tanke på forbetingar/forenklingar.

## Regelverk - endringar

Regelverket for ordninga er gjennomgått og det er gjort ein del endringar, m.a. på satsar inkl. timesatsar for eigeninnsats, sjå vedlagt rettleiar. Regelverket for Nord- og Sør-området er samordna slik at vi m.a. opererer med same satsar på ulike tiltak. Eg rår til at de les grundig gjennom vedlagde rettleiarar.

Det viktigaste endringa her er nok **denne**, sjå pkt. 5 i rettleiaren jf. § 3 i forskrifta

(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2024?q=Utvalgte%20kulturlandskap%20i%20jordbruket>)

:

«Du kan søkje om tilskot til tiltak som fremjar føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Naudsynt planlegging av tiltak
- Kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- Kartlegging og dokumentasjon av behov for skjøtsel og sikring av natur- og kulturminneverdiar
- **Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga»**

Det er også ein del viktige endringar på gruppa Andre kulturlandskapstiltak, jf. pkt. 5.2. i rettleiaren der ein opnar for ein del nye investeringstiltak.

Ettersom det ikkje er teke standpunkt til forslag til nye tiltak som kom fram i samband med den såkalla Agri Analyse-rapporten, kan vi ikkje utan vidare implementere (innføre) desse. Men eg kjem til å bruke det siste kulepunktet aktivt og så langt det rekk fordi det er ganske generelt og dermed vil det ligge ein god del skjønn her. Difor oppmodar eg om at det vert søkt litt 'breiare' enn før slik at vi får synleggjort desse behova.

Som dei fleste av dykk sikkert kjenner til vart ein god del av midlane som Nord-området av ulike grunnar sat inne med overført til Sør-området i 2020. Dette trass i at eg bad om at dette måtte vente til eg fekk synleggjort behova i vårt område betre. Dette har ført til ein relativt 'kvass' diskusjon mellom kommunane v/ordførarane, Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet, men i svaret frå Landbruksdirektoratet på brevet som vart sendt frå Stranda og Fjord ser det dverre ikkje ut til at dei tenkjer å gjere om på vedtaket.

### **Fordeling av tilgjengelege midlar til areal og beitetilskot og til investeringstilskot**

Det er kome innspel frå faglaga på ein bør operere med ein eigen frist ev. kontinuerleg søknadsfrist for **investeringsverkemidlane** slik at ein får svar tidlegare og kan kome i gang med tiltaka på vårparten/tidleg sommar. Problemet med dette er sjølv sagt at eg må sikre meg at eg sit att med nok midlar til å betale ut dei rettigheitsbaserte tilskota til areal og beitedyr. Eg har difor sett på løyvingane til areal- og beitedyr 2020 for å få eit overslag på storleiken på desse. Justert for påplussinga i satsane frå 2020 til 2021 (sjå rettleiingshefte) vil det gå med 1 932 804 kr til areal og beitedyr i 2021, gitt at søknadsvolumet vert det same som i 2020.

Vi har ståande inne på konto (20.05.2021) 4 189 774 kr. I tillegg kjem det tildelt ei økonomisk ramme frå Klima- og miljødepartementet på 1 000 000 kr (likt med tidlegare år), dvs. til saman 5 189 774 disponibelt for 2021. Dersom eg reserverer 2 000 000 kr (1 932 804 kr avrunda oppover) til areal- og beitetilskot for 2021-omgangen kan eg med andre ord disponere 3 189 774 kr, dvs. ca. **3 100 000 kr til investeringstiltak** i 2021. Då har eg ein liten buffer dersom det skulle vise seg at det verte større volum på søknader til areal og beitedyr.

Kjem det mange og store søknader om investeringstiltak, kan det vere greitt at de skisserer korleis prosjekta kan delast opp i etappar. I motsett fall må eg gjere dette, og de er betre skikka til å vurdere kva som er ei naturleg oppdeling enn eg.

### **Søknadsfristar**

Søknadsfristen på investeringstilskot vert kontinuerleg i 2021, men av omsyn til å kunne prioritere søknadene må eg setje ein siste frist for innsending av slike søknader: **15. juni**

Fristen på areal og dyr vert skuva fram ein del i høve til 2020, og er i 2021 sett til **15. september**.

### **Jordbruksforhandlingane og oppfølging av forslag til nye tiltak i rapporten frå Agri Analyse**

Her er de sikkert mist like godt orienterte som eg, men eg har i alle fall bede Møre og Romsdal Bondelag følgje opp forslaga i Agri Analyse-rapporten ([https://www.agrianalyse.no/getfile.php/135114-1571988522/Dokumenter/Dokumenter%20202019/Rapport%202019%20Vestnorsk%20fjordlandskap\\_tillegsbestilling\\_10\\_9\\_2019.pdf](https://www.agrianalyse.no/getfile.php/135114-1571988522/Dokumenter/Dokumenter%20202019/Rapport%202019%20Vestnorsk%20fjordlandskap_tillegsbestilling_10_9_2019.pdf)) i jordbruksforhandlingane i år.

Eg har fått følgjande svar frå organisasjonssjefen (Nina Kolltveit Sæter) i e-post av 18.05.2021:

*«Stortinget skal behandle jordbruksoppgjøret 16. juni. Det er god grunn til å anta at det er regjeringens tilbud som blir vedtatt. Rammen ser ut til å bli uendret på 23 mnok i 2022 (side 128). Verdensarvområder står omtalt i svært generelle ordelag på side 137. Jeg har ikke lest hele dokumentet grundig, så det kan være nevnt andre steder uten at jeg har fanget det opp.»*

Det dokumentet ho viser til finn du her:

<https://www.bondelaget.no/getfile.php/13993998-1619512359/MMA/Dokumenter/Jordbruksforhandlingene%202021%20-%20Jordbrukets%20krav.pdf>

#### **Eit siste råd:**

Ikkje vente til 'siste nikk' med å starte søknadprosessen. Erfaringane er nok at vi framleis må rekne det vil melde seg litt komplikasjonar sjølv om mykje av feilsituasjonane som oppstod i 2020 no sikkert er retta opp av direktoratet.

#### **Vedlegg**

- Rettleiar for søknad på verdsarvmidlar 2021.

Med vennleg helsing

Inge Bjørdal  
næringsjef, Stranda kommune  
Adr.: Øyna 13, 6200 Stranda  
Tlf. : 464 11 023  
E-post : [inge.bjordal@stranda.kommune.no](mailto:inge.bjordal@stranda.kommune.no)